

**Også Vevik fortener ros****21.04.2009**

**Firmaet Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice har fått velfortent ros av formannskapsmedlem Torfinn Myklebust for oppussinga rundt eigedomen deira på Børnes.  
Men også ein annan av grunneigarane der, Tore Vevik, fortener ros for rydding, (biletet).**

Det seier både Myklebust og andre til uskedalen.no, med tilslutnad av leiinga i elektro-firmaet.  
- Også Vevik har rydda opp mykje i det siste, påpeikar Lars L. Øyjord.

Ikkje minst på kommunalt hald set dei stor pris på at det no blir rydda skikkeleg opp på industriområdet, som er eit godt kort på handa for kommunen når det gjeld å sikra gamle og skapa nye arbeidsplassar.

Det vil bli stadfesta under ei synfaring som formannskapet planlegg på Børnes i samband med neste møte, som er den 7. mai.

(Foto: Ola Matti Mathisen)